

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FE - 033	16/2612

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
38/2016	Ungdomsrådet	PS	27.10.2016

Val - leiargruppa Meland Ungdomsråd

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det skal veljast ny nestleiar, etter at Alrik Frost går ut av rådet

Vurdering

Silje Nordal, Susanne Slettebakken og Alrik Frost vart valt som høvesvis leiar og nestleiarar i møte den 26.11.2015, UR-14/2015, etter at tidlegare leiar Fredrik Johansen flytta frå kommunen og nestleiarane Selma Jakobsen og Sofie Eikeland trakk seg.

Alrik Frost tok ikkje gjenval som representant i Ungdomsrådet etter sommaren 2016, og rådet treng ein ny nestleiar.

I retningslinene for ungdomsråd i Meland kommune, revidert juni 2014, er det sett opp to nestleiarar, utan å nemne forskjell på 1. og 2. nestleiar. Dette bør det etablerast ein praksis på i rådet, sidan det er behov for raskt å slå fast kven av nestleiarane som først har ansvaret for å leie møta i Ungdomsrådet, og representere rådet i andre samanhengar, dersom leiar er fråverande.

Sidan representantane er valt for to år om gongen, og det vert nye val kvart år for representantar frå 8. trinn, må rådet i praksis helde val kvart år – òg med tanke på at representantane for 10. trinn er på gjenval så lenge dei vart valt inn frå 8. trinn. For å forenkle prosessen ved val av leiar/nestleiarar bør rådet ta ein diskusjon på kor lenge dei skal sitje. Alternativa kan vere

1. Leiar/nestleiarar sit så lenge dei er representant i rådet, uavhengig av gjenval. Ny leiar/nestleiarar veljast ved behov, når nokon trekk seg eller ikkje tek gjenval som representant i rådet.
2. Leiar/nestleiar veljast kvart år, saman med val av nye representantar frå 8. klasse og andre som er på gjenval.

Miljø
Økonomi

Ikkje vurdert i saka

Konklusjon

Det må veljast ny nestleiar i rådet etter Alrik Frost, og ein bør etablere praksis på kor lenge leiargruppa skal sitje etter val, og på å skilje mellom 1. og 2. nestleiar.

Framlegg til vedtak:

1. Rådet etablerer praksis for lengda på leiarverva i rådet, etter alternativ 1 i vurderinga
2. Silje Nordal vert sitjande som leiar
3. Rådet etablerer praksis på å peike ut 1. og 2. nestleiar
4. Susanne Slettebakken vert 1. nestleiar og ny nestleiar vert 2. nestleiar
5. Rådet vel som 2. nestleiar:

Ungdomsrådet - 38/2016

UR - behandling:

Jonas Askeland - endre punkt 1 til alternativ 2 i vurderinga

Thobias Mellingen, Jonas Askeland, Ida Herland og Mia Roos stilte som kandidatar til 2. nestleiar. Grunna krav om kjønnsbalanse i leiargruppa, kunne berre Mellingen og Askeland stille.

Det vart heldt skriftleg avstemming der Jonas Askeland vart valt med 7 mot 1 stemme

UR - vedtak:

"Følgjande vart vedtatt:

1. Rådet etablerer praksis for lengda på leiarverva i rådet, etter alternativ 2 i vurderinga
2. Silje Nordal vert sitjande som leiar
3. Rådet etablerer praksis på å peike ut 1. og 2. nestleiar
4. Susanne Slettebakken vert 1. nestleiar og ny nestleiar vert 2. nestleiar
5. Rådet vel som 2. nestleiar: Jonas Askeland